

Handlingsplan og retningslinjer for russefeiringa på Osterøy vidaregåande skule våren 2018

Byggjer på samarbeid mellom Hfk og russen.

1. Fredag 27.april vert rekna som starten på russefeiringa og russen kan gå med russedrakt på skulen frå denne dato. Fredag 27.april er luftambulansen sitt arrangement for russen i Grieghallen. Siste dag i russetida er 17.mai
2. Skulereglementet gjeld i russetida, og her står presisert at det er ikkje tillate å bruka alkohol eller andre rusmidlar på skulen eller på området til skulen. Det er heller ikkje tillate å møta ruspåverka på skulen. Det fører til bortvising / nedsett karakter i orden/åtferd.
3. Ved køyring med russebil skal ein ta omsyn til tryggleiken for seg sjølv og andre.
4. Vi vil ikkje ha:
 - Tilgrising
 - Kastning av matvarer (egg, mjølk eller liknande)
5. Ein må rekna med at om det vert skader på skulen sitt område/utstyr utført av russ på Osterøy vgs, mellom anna aktiviteter som det kostar ekstra å rydde opp etter, skal den eller dei som har utført skadeverket, betala. Om ingen vil ta på seg ansvar for det som er gjort, må russen på Osterøy vgs saman betala for skadane. Russestyret vil stå for innsamling av pengane.
6. *All bruk av vassutstyr (vasspistolar, vassballongar og liknande) er forbode inne i skulebygget. Det er òg forbode med uansvarleg bruk av vassgevær utandørs. Russen har lov å lagra tomme vassgevær inne på bygget, då berre på klasserommet*
7. *Vi tek avstand frå:*
 - Oppførsel eller munnbruk som verker støytande på andre
 - "Kidnapping"
 - "Svartelister" av einskildelevar eller andre. Dette gjeld alle former for svartelister både på papir, på nett, på mobil og så vidare.
8. *Russestyret held regelmessig kontakt med elevinspektør, slik at leiinga ved skulen er informert om program og arrangement som russen planlegg.*
9. *Skulen vil ikkje leggja heildagsprøvar, eller andre viktige vurderingssituasjonar, på dagar etter russearrangementa russedåp og landstreffet i Kongeparken. Dersom heildagsprøvar i perioden skal flyttast, skal dette skje i samråd med klassen*
10. *Partane møtest før sumarferien for å evaluera og eventuelt endra handlingsplan/retningslinjer*

Vedteke i møte, onsdag 15.11.2017

Vidar Tufte Land Synnøve Lid Hannekjeld

Vidar Tufte Land
rektor

Synnøve Lid
elevinspektør

leiar i russestyret

Hanne Bjørge

nestleiar i russestyret